



Fornyning av læreplanar har starta

Reviderte læreplanar i matematikk skal fasast inn hausten 2020 og namnet vert truleg LK20. Kjerneelementa som vart fastsett i juni legg føringar for revideringane, men gruppa med ansvar for å utføra endringar har likevel spelarom. Dette gjeld òg kontroversielle punkt, som korleis, kor mykje og når programmering skal inn. Programmering er i fokus for mange. Realfagstalentprosjektet som Simensen og Olsen skriv om og prosjektet Digital Interaktiv Matematikkundervisning som Dean skriv om, er døme på dette. Justnes føreslår programmering i barnehagen på Matematikksenteret sine sider, og programmering vert trekt fram som eit ynskt tema på neste års Lamis-konferanse av årets deltakarar.

Det ser ut til at fleire gode aspekt kan få plass i fagfornyinga. Det gjeld elevar sin kritiske refleksjon, matematiske spørsmål, bruk av tal og data frå røynda i staden for eple og pærer, og det å leggja til rette for at elevar vert aktive og kritiske deltakarar i samfunnet. Øistein Gjøvik gir i sin tekst døme på bruk av reelle data når han viser korleis ein kan dra nytte av digitale læremiddel for å arbeida med modellering og store datamengder.

Det er likevel ein tankekross at ny læreplan kjem så raskt. Dei siste 50 åra har me hatt mønsterplanar i 1974 og 87, reformer i 94 (vida-

regående skule) og 97 (grunnskulen), og no sist LK06. Om lag kvart tiande år har det kome ein ny plan, og det er grunnleggande problematisk at ein ny læreplan kjem før den gamle har fått skikkeleg fotfeste. Når LK06 skal erstattast alt i 2020, så inneber det at berre 2–3 årskull er undervist etter berre denne eine læreplanen. Eg vonar det vert lengre til neste plan, og at lærarar får større didaktisk handlingsrom og færre krav til dokumentering. Det trengs for å kunna konsentrera seg om at elevar utviklar rike, fleksible strategiar og kritisk-matematisk argumentasjon, at dei vert motiverte og ser på faget som noko dei har bruk for.

Allereie no i oktober vert fyrste utkast lagt ut til høyring. Tangenten oppmodar lærarar og lærarutdannarar i matematikk til å engasjera seg og koma med innspel frå starten av. I neste nummer av Tangenten retter me fokus mot dei nye planane og ber om å få tilsendt tekstar med relevans for fagfornyinga, til dømes om kompetanssmål, programmering/koding, algoritmisk tenking eller om matematikk i tverrfaglege tema. Fristen er 1. oktober.